

Kartlegging og rettleiing

Gjennom kartlegging av dykkar personalsituasjon og behov, har vi eit stort fokus på menneskeleg forståing. Vi hjelper dykk med å finne den rette personen til rette jobben, og vi nyttar allsidig og variert kompetanse via våre medarbeidarar og tilsette. I tillegg skal In Via stå for tilgang til arbeidskraft som er rett for dykk. Kva som er dei viktigaste utfordringane i personalsituasjonen for verksemda dykkar akkurat no, er det de som veit best. Vår oppgåve er dei arbeidstakarane som mest føremålstenleg kan lette trykket i framtida.

Samarbeid med mange ulike aktørar

Den viktigaste og største samarbeidspartnaren vår er NAV. Vi inngår årlege samarbeidsavtalar med NAV Sogn og Fjordane, og leverer tenester til alle NAV-kontora i Nordfjord. Dette tette samarbeidet er avgjerande for å finne gode og varige løysingar for å betre livskvaliteten til menneske med utfordringar i og utanfor arbeidslivet ...



Utfordringar

Utfordringar i arbeidslivet kan vere så mangt: yrkesslitasje frå tidlegare jobb, språkvanskar for ein arbeidslysten frå eit anna land, arbeidsløyse etter nedbemanning eller utflagging, eit utdanningsval som viste seg å ikkje vere rett likevel ...Vi kjenner til dei alle og står klare til å hjelpe på veg - hjelpe både dei og dykk.

Næringslivet i heile Nordfjord


Filosofien til In Via er at den beste arbeidstreninga er i det ordinære arbeidslivet. Det gjer at vi til jamt over har 50 til 60 personar (deltakarar) ute på arbeidsplassar rundt omkring i heile Nordfjord. Vi legg vekt på å etablere samarbeid med verksemdar i deltakarane sine nærområde, både fordi det er lønnsamt for dykk og ein fordel for deltakaren.

Offentlege tenester

For å møte utfordringane på beste måte, er det viktig med eit tett samarbeid med fylkeskommunen, kommunane og helsevesenet. For at vi saman skal kunne gje det beste tilbodet til deltakaren, er det viktig at vi alle ser heile mennesket og dreg i same retninga for felles framgang. For deltakaren kan arbeid vere nøkkelen til betre helse, og for arbeidsgjevaren eit steg mot betre bemanning.

Arbeidstrening og utdanning/vidareutdanning

Dei som har ei form for avgrensing når dei skal velje yrke, treng gjerne litt rettleiing for å møte ein arbeidsgjevar. In Via har lang erfaring med dette. Vi kan også ta oss av den nødvendige oppfølginga de har behov for på arbeidsplassen og vere med som rådgjevarar etter at kandidaten har fått fast tilsetjing. Målet er at de skal få ein ny medarbeidar som fungerer i jobben og bidrar til verdiskaping i nettopp dykkar verksemd.



Kvalifisering/formidling

I løpet av ein arbeidspraksis hos dykk vil vi kunne sjå om kandidaten gjer ein god jobb og kan bli aktuell for ordinær tilsetjing. Denne perioden er heilt uforpliktande og kan når som helst avbrytast av begge partar dersom utviklinga ikkje går i den retninga vi ønskjer. Med litt tilpassa opplæring eller tilrettelegging kan det òg leggest til rette for å ta kompetansebevis eller fagbrev i ordinære bedrifter. Tilbodet vert gjeve i samarbeid med NAV.

Lærekandidat eller lærling

Mange unge som skal begynne i arbeidslivet har ofte behov for og ønske om fagleg kvalifisering med tanke på å oppnå reell og formell kompetanse innan eit yrkesområde. Kvalifiseringa skjer i ein verkeleg arbeidssituasjon og vert tilpassa deltakaren sine personlege behov og muligheiter på arbeidsmarknaden.

Næringslivets tannhjul,

både dei store og dei små; råvarer inn, logistikk, produksjon, innovasjon, sal, levering ut, tenesteyting, økonomistyring, konkurranse, anbod, arbeidsmiljø, personalforvaltning – alt kallar på vår fulle merksemd til ei kvar tid.

Utfordringane står meir eller mindre i kø støtt, og arbeidsdagen er ei samanhengande prioritering på alle desse nyss nemnde områda. Vi kan ikkje hjelpe til med alt, men på personalsida kan kontakt med oss verte lønsamt i meir enn det økonomiske.



**Du og dine
tilsette -
Arbeidstakaren**

Etikk

Alle har ulik bakgrunn og ståstad og skal møtast med respekt, men alle har òg eit sjølvstendig ansvar for sine val og handlingar. Vår oppgåve er å hjelpe og støtte den enkelte arbeidsgjevar og arbeidstakar med utgangspunkt i deira eigne ønske og mål.



**Kompetanse-
og læringspartnar**

EI ORIENTERING

om

REKRUTTERING – OPPLÆRING – YRKESTRENING – ARBEIDSGLEDE

Treng du ein ny arbeidstakar?

Då kan eit samarbeid med In Via vere eit godt val. Rett person til rett arbeidsplass er viktig, både for bedrift og menneske. Denne rekrutteringsstrategien er som skreddarsydd for næringslivet; før leita vi etter jobbar som passa *litt* til personen, men no søkjer vi etter personar som passer *heilt* til jobben. Som arbeidsgjevar får du høve til å prøve ut folk i praksis før du vurderer tilsetting. I tillegg får du rettleiing, støtte og oppfølging av arbeidstakaren etter dine behov og ønske. Slik oppfølging er individuelt tilpassa arbeidstakaren sine føresetnader, kombinert med slik de ønskjer arbeidsoppgåvene løyste. Vi skreddarsyr gode løysingar for deltakarar og samarbeidspartnarar, og skapar verdifulle koplingar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar.

Vi skal skape meirverdi for menneske og samfunn

Vi arbeider for gode og framtidretta løysingar for alle partar. Slik skapar vi grunnlaget for verdifulle relasjonar for samfunnet, arbeidsgjevar og arbeidstakar. Vårt mål er å finne den løysinga som er rett for dykk. Vi gjer alt vi kan for å oppnå ei positiv endring for alle partar.